

Notat

Til: Formannskapet og komité for samfunnsutvikling

Frå: Rådmannen

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
243 C	21/1865-23	10642/21	20.04.2021

Søknader kulturmidlar 2021

Sogndal kommune har ytt årlege tilskot til det som vert definert som faste tilskotsmottakarar. Desse institusjonane har lang planleggingshorisont og fleire søker tilskot frå fylkeskommunen der det er ein føresetnad med kommunal støtte. Balejazz søker òg tilsvarande tilskot frå kulturrådet. For å sikre ein samordna prosess får kommunen søknad vår/haust året før komande budsjettår. På dette grunnlaget vart det laga til eit notat til budsjettet 2021, med framlegg til løyvingar for desse søkjarane. Dette gjeld tilskot til Fjellsportfestivalen (avvikla og tilskot allereie utbetalt), Balejazz (vanlegvis tidleg mai, utsett til fyrste helga i september), Den Norske Bokbyen (Boknatt fyrste helga i juni) og Friberg kino. Alle desse har etterspurt handsaming av søknadane.

Andre søknader om kulturmidlar har i år frist 1. mai. Det er rådmannen si vurdering at òg desse bør handsamast før sommaren.

Handsaming av søknadane er ikkje eksplisitt delegert. I 2020 tildelte rådmannen midlane gjennom delegeringa om å «disponere budsjetttrammer innanfor kvart tenesteområde». Samstundes vart det i handsaminga av retningslinene for tilskotordningane vedteke at råda skal ha uttalerett før *politisk handsaming*. For ordninga nærmiljøtiltak/anlegg var det i kommunestyresak 2/21 om retningsliner gjort eit eige vedtak om at komité for samfunnsutvikling har mynde til tildeling. Tilsvarande vedtak føreligg ikkje for kulturmidlar.

Det er sett ned eitt utval for å gjennomgå politisk reglement der denne problemstillinga er ein del av arbeidet. Ved vedtak av revidert politisk reglement i juni, kan «komiteen» tidlegast handsame søknadane 28. september. Det er rådmannen si vurdering at dette vil vera uheldig. Om det ikkje kjem vesentlege merknader til dette notatet, vil difor rådmannen handsame søknadane administrativt etter utale frå råda.